



Nytt frå Firda vgs, september 23

Takk for sist til alle som møtte på foreldrekvelden 12. september. Sist skuleår kom det opp eit ynskje frå foreldre og føresette om meir informasjon frå skulen gjennom året. Dette vil vi følgje opp i år og vi har ambisjon om å sende ut eit orienteringsbrev ca 1 gong pr. månad.

Vi har hatt ein flott start på skuleåret med mykje aktivitetar og mange tilbod til elevane, både på dagtid og ettermiddag/kveld. Den fyrste veka vart i hovudsak brukt til å bli kjent med nye elevar, med system og med skulen. Fredag i fyrste veka hadde vi besøk av antidoping Norge som snakka om ulike utfordringar knytt til ungdomstida og bevisstgjerings av dei val ein tar. Sentrale tema var kroppspress, sosiale media, rus og doping samt inkludering. Vi har seinare hatt eigen temadag om rus for vg1 elevane, vi har hatt hybelkurs og vi har starta opp eit tilbod for vg2 elevar som vert kalla «heilt sjef». Heilt sjef handlar om å takle kvardagsutfordringar.

Mange var og engasjert i valet og vi hadde paneldebatt med både ungdom som er elev ved skulen i dag og ungdommar som har vore elevar tidlegare, stort engasjement.

Det er valgt nytt elevråd. De finn oversikt over elevråd, skulemiljøutval og styret for elevrådet på heimesida vår. Flott gjeng som vi ser fram til å samarbeide med. Det er flott å ha engasjerte elevar på skulen. Av saker som elevane jobba med i fjor og som dei no har fått gjennomslag for er gratis frukost alle dagar, meir variert frukost, gratis tilgang til treningssenteret for alle elevar i heile opningstida og redusert pris for årskort til basseng, kr 1500 for heile året.

På foreldremøte til foreldre for vg1 og vg2 elevane hadde vi fokus på fylgjande tema: trygt skulemiljø, frammøte, kunstig intelligens og vi orienterte om open skule, studiekafe og nytt tilbod i år, HUB'en, ein utvida læringsarena for ungdom som av ulike grunnar opplever klasserommet som krevjande. Presentasjonen som var brukt på fellesdelen er med som vedlegg til denne sendinga. Den ligg og på heimesida til skulen.

I samband med klasseforeldremøta dukka det opp nokre spørsmål som vi treng å følgje opp. Det gjeld innlogging i VIS og informasjon om korleis ein finn årsplanen. Det er lagt ut lenke frå heimesida vår til årsplanen. Den finn de under fana «Om skulen», «årsplan Firda vgs». Når det gjeld innlogging i VIS så finn du innlogging på heimesida oppe i høgre hjørnet under «Snarvegar». Der kjem det opp ei fane som heiter Visma inn school. For å komme inn på VIS må du bruke MinID. Når du kjem inn i VIS finn du eleven ved å trykke på dei tre strekane oppe til venstre i biletet.

Utover dette er det god tilbakemelding frå foreldrekvelden. Inntrykket er at ungdommane har det bra på Firda og at det er god trivsel på skulen.

Det skjer mykje på skulen gjennom eit skuleår. Vi vil anbefale å følgje med på årsplanen då vil de kunne ha god oversikt. Vi ynskjer likevel å nemne nokre hendingar. Fyrst informasjon om det som skjer kvar veke:

Gratis frukost

Det vert servert gratis frukost til alle elevar som ynskjer det: måndag, onsdag og torsdag er det havregrynsgraut, tysdag er det rundstykker med kvitost, brunost eller syltetøy, fredag er det yoghurt med musli. Frukosten er klar kl 07.50 og står framme til ca kl 08.25. Til no har mellom 40 og 60 elevar nytta seg av dette tilbodet.

Open skule

Elevane i musikk, dans og drama har nøkkelkort til skulen og kan bruke klasserom og øvingsrom når dei vil. Måndag, tysdag og onsdag er det aktivitetar på open skule. Måndag vert det servert middag til kr 35,-, tysdag er det gratis kvelds, onsdag er det ofte sal av vafler, sveler. Elles er det ulike aktivitetar dei ulike kveldane

Studiekafe

Tysdag er det studiekafe frå kl 17-19. Her er lærar og vg3 elevar til stades og kan hjelpe til med skularbeid. Studiekafeen startar alltid med gratis suppe

Open skule - klatring

Måndag kl 19 - 21 er det open skule klatring i klatreveggen. Her deltek instruktørar og elevar som har brattkort. Ein treng ikkje å ha klatreerfaring for å bli med. Det er ope for alle elevar

Salsa-kurs

Tysdag frå kl 19-20 er det kurs i salsa for elevar og tilsette i gamle black box.

Treningssenter

Alle elevar har gratis tilgang til treningssenteret i heile opningstida. Det gjeld og laurdag og søndag. Det blir og lagt til rette for at elevar i idrettsklassene skal kunne ha meir fleksibel tilgang til idrettshall og treningsareal.

Hendingar i september/oktober**Kraft i vest 20-21.09**

SFE har i mange år hatt ein flott konferanse her i Gloppen der dei blant anna har fokus på det grøne skiftet og bærekraft. På programmet i år finn vi blant anna olje og energiminister Terje Aasland. Vi har vore så heldige å få lov til å delta med ulike elevgrupper.

Huskonsert 26.09

Elevar frå musikklinja inviterer gjennom året til huskonsertar. Dette er fyrste konserten dette året.

Verda og vi 05.10

Verda og vi er og eit arrangement med lang tradisjon her i Gloppen. 5.oktober kjem Roger Severin Bruland Andras D. Hadju til Sandane. Tema for foredraget er «krig og pandemi». Vi legg undervisninga til elevane i dei tre studiespesialiserande klassene til denne kvelden

Språkdag 06.10

Siste skuledag før haustferien har vi språkdag for alle elevane. Dette er eit høgdepunkt om hausten. Denne dagen er det ulike språk som er i fokus. Det vert blant anna servert mat frå ulike land. Det vert framført songar på ulike språk m.m.

Haustrerie 07-15.10

Eit skuleår går fort, og no er det berre 2,5 veker til haustferien

Hospitering 23-24.10

Desse dagane ventar vi besøk av 10. klasse elevar frå heile fylket. Det er to viktige dagar med tanke på framtidig rekruttering.

Som sagt på foreldrekvelden 12.09. De foreldre og føresette er ein viktig del av laget rundt ungdommane. Vi ser fram til godt samarbeid gjennom skuleåret som vi har framfor oss. Ungdommane treng ein god heilagjeng

Helsing

Hallgeir Hansen
rektor